



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Skodje kommune

Tilsynsdato: 03.05.2018

Rapportdato: 30.07.2018

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	MERKNADER	7
4	VIDARE OPPFØLGING	7

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor summera opp nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	14.02.2018 (formøte) 03.05.2018 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Rådhuset, 6260 Skodje
Kommunenummer:	1529
Kontaktperson i kommunen:	Ingunn Stette
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund og Renate Frøyen
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Møgstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	22.06.2018
Endeleg tilsynsrapport sendt:	30.07.2018

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Skodje kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2018.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til Fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Beredskapsoversyn - Skodje kommune	03.05.2018
2.	Heilskapleg ROS-analyse – Skodje kommune	06.04.2018
3.	Plan for Kriseleiinga – Skodje kommune 2018 - 2020	03.05.2018
4.	Plan for krisekommunikasjon – Skodje kommune	12.04.2018
5.	Planstrategi for Skodje kommune 2016 – 2020	08.02.2017
6.	Kommuneplan for Skodje 2016 – 2016 – Samfunnsdelen	16.03.2016
7.	Beredskapsplan for fjellskred – Aktørplan for Skodje kommune <i>(unnateke off.)</i>	19.04.2018
8.	Beredskapsplan for fjellskred – Generell del	00.12.2015
9.	Kriselogg – Brot i vassforsyninga 17.04.2015	17.04.2015
10.	Evaluering av beredskapshending/Øving – skade på nedføringsleding	10.05.2015
11.	Ekstremvêret «Tor»: Logg 29.01.2015	29.05.2015
12.	Hending: Uver – Logg 29.01.2015	29.01.2015
13.	Evaluering av beredskapshending/Øving – Brannalarm gått ved SOMS	10.05.2015
14.	Evaluering Øving Fårikål 2016	Ikkje datert
15.	Evaluering beredskapsøving Røykutvikling på SOMS	18.12.2017

1.5 Gjennomføring

Formøte med Skodje kommune vart gjennomført 14.02.2018. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 03.05.2018. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Dag Olav Tennfjord	Ordførar	X	X	X	X
Bente Glomset Vikhagen	Rådmann	X			
Kristian Skålhavn	Konst. rådmann	X	X	X	X
Ingunn Stette	Beredskapskontakt		X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er frå 2018 og skal behandlast i kommunestyret med det første, og den oppfyller alle forskriftskrava. At kommunen har sett til at relevante offentlege og private partar har vore invitert til arbeidet med heilskapleg ROS går i nokon grad fram av ROS-analysen, men kunne vore betre belyst for betre å støtte forskriftskrava.

Kommunen har utarbeidd ein prioritert handlingsplan til ROS-analysen, men den rettar seg litt lite mot dei konkrete funna i analysen. Med noko godvilje finn vi at kommunen på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen har utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i beredskapsoversynet. Dette bør vidare arbeidast inn i overordna strategisk planverk som t.d. kommuneplanen sin samfunnsdel når denne skal reviderast.

Beredskapsplanen er oppdatert i mars 2018. Planen oppfyller minimumskrava i forskrifta. Samordning og integrering av andre beredskapsplanar går fram av beredskapsoversynet, men kunne vore betre plassert og meir omfattande for betre å støtte forskriftskrava. Kva system kommunen har for opplæring av ansvarlege i kommunens kriseleiing bør kome betre fram i beredskapsoversynet.

Dei oversendte dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øve og evaluerer hendingar og øvingar. Kommunen har faste rutinar for møter i beredskapsrådet, medan møte i kriseleiinga kunne gått betre fram av årshjulet.

Potensialet for forbetring ligg mellom anna i å finpusse beredskapsoversynet med å flytte fleire element frå kriseplanen. Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte ingen avvik. To forhold er kommentert som merknad.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1.

Kommunen bør:

- skildre/dokumentere betre korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med utarbeidinga av heilskapleg ROS-analyse.
- ta ein gjennomgang av akseptkriteria for sannsyn og konsekvens i ROS-analysen, og tilpasse dei Skodje kommune.
- tydelegare forankre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen (kommuneplanens samfunnsdel, økonomiplan og årleg handlingsplan).

Merknad nr. 2.

Kommunen bør vidareutvikle beredskapsoversynet, med t.d. å flytte over fleire element frå beredskapsplanverket. Nokon av desse elementa har i tillegg eit forbettringspotensiale. Dette gjeld m.a.:

- tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- utvikle årshjulet med tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga
- utvikle system for opplæring for tilsette i beredskapsorganisasjonen
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- eksisterande rutinar for evaluering
- varslingslister og ressursoversiktar i beredskapsplanen kan med fordel flyttast til CIM.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Skodje kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.